**BERGSØY IDRETTSLAG**
FRIIDRETTSGRUPPA



# ÅRSMELDING 1977

## 1. Styret i friidrettsgruppa

har i siste arbeidsåret vore samansett slik:

formann: Jan Olav Sandnes
N. -"- Alf Terje Bjerkevik
Kasserar: Per Hjelmeseth
Sekretær: Tor Berge
Styre medl.: Asbjørn Almestad
— " — Torstein Dahl

Styret har hatt 6 møter:

## 2. Administrativ representasjon.

Jan Olav Sandnes repr. Bergsøy IL ved SFIK sitt ting i Ålesund 21.11.76. Her kan det leggast til ~~at~~ antall representantar er avhengig av medlemstalet og vi hadde rett til å stille med 4 stk. Både på grunn av informasjonsverdien og ~~for å gje eit~~ ~~[illegible]~~ ~~godt inntrykk bør vi i framtida ta sikte på å nytte kvoten fullt ut.~~ ved eventuell avskjering må ein ta sikte på nytte kvoten fullt ut.

**BERGSØY IDRETTSLAG**
**FRIIDRETTSGRUPPA**

## 3. Inn og utmeldingar i 1976.

Innmeldingar:

Malvin Stein - Hareid IL
Jan Helge Djupvik - —"—
Maron Dahlström - N.T.H.I.

I tilegg sökte:

~~Olaus~~ Jon Kopparstad - KFUM-Oslo
Roger Kvalsvik — —"—

ferierepresentasjon for Bergsöy IL. Dei fekk imidlertid avslag på söknaden.

Vi har ikkje hatt nokon utmeldingar:

## 4. Autoriserte dommarar

Vi har pr. idag berre 2 autoriserte dommarar:
Oddbjörn Blindheim
Jan Olav Sandnes
Skal vi arrangere friidrettsstemne i nokon målestokk er det naudsynt med ca. 20 funksjonarar. Etter reglane skal dommarane vere autoriserte. ~~og~~ Vi fekk òg lovnad frå krinsstyret om at dommarkurs skulle haldast i Fosnavåg i løpet av 1976. P.g.a. sjukdom og div. anna måtte dette avlysast, men vi vonar at kurset kan ~~haldast~~ avviklast komande sesong.
og det er klart at vi ~~då~~ slik det no er arbeidet tung arrangementmessig.

**BERGSØY IDRETTSLAG**
**FRIIDRETTSGRUPPA**

5. Idrettsleg aktivitet

Når aktiviteten etter kvart har vorte ganske omfattande finn vi ikkje grunn til å ramse opp ei masse tal og resultat her. Målet vårt er å utarbeide ei skriftleg årsmelding etter kvar sesong. Denne må forutan generelle vurderingar innehalde data om individuelle og lagmessige prestasjonar gjennom sesongen. Dette er eit omfattande arbeid som må bli prioritert for framtida.

Vi vil likevel trekke fram fylgjande:

KM-medaljer:
Bergsøy IL har i 1976 teke 41 KM-medaljer fordelt på 16 gull – 12 sølv – 13 bronse.
Dette gjev ein 4-plass på statestikken for Sunnmøre. Statestikken er ei summering for både senior, kvinner, jr. gutar & jenter,

Representasjonsoppgåver for Sunnmøre
Donald-Duck leikane for 11–12 år på Kongsberg 28/29 aug.
Fra Bergsøy IL: Jenter 11 år: Anita Frøystad
– " – 11 år Eli Myklebust
– " – 12 " Ruth Nærø

Vesta-Hygea-finalen på Fana Stadion 22 aug.
Jenter kl. 13 år. Kaia Hilde Hesøy

Her kan nemnast at Kaia greidde 4 pl. i lengde, og det er berre dei 16 beste i landet som er kvalifisert til finalen.

**BERGSØY IDRETTSLAG**
FRIIDRETTSGRUPPA

Ellers har seniorane våre fint frampå med mange høve. Både Olaus Jon Kopparstad og Roger Kvalsvik har sjølv om resulata deira seinare er blitt overført til KFUM-Oslo gjort mange gode løp på mellomdistansene. Saman med Oddvar Kvalsvik, Malvin Stein, Jan Helge Djupvik og Maron Dahlstrøm har dei vore med på å markere Bergsøy IL sitt namn for friidretts~~interesserte~~ samanheng.

Stafettar.

Bergsøy IL har teke del i følgjande stafettar og fått desse plasseringane:

| | | |
|---|---|---|
| Vågen-Rundt" - Vagstranda (Romsdal). | | bronse j. kl. 12 år<br>Sølv g. kl. 12 år<br>4 pl. g. kl. 15 år |
| ~~Stu~~ Sunnylvstafetten - Hellesylt. | | Bronse - seniorkl. |
| Vikingstafetten - Ørsta | | gull gutar kl 12 år<br>gull jenter " 12 år<br>sølv gutar " 15 år<br>2 beste tid. u. f. konk. i seniorkl. |
| Patchell-stafetten | Norangdal: | gull: guteklassen<br>Sølv: jenteklassen<br>2 beste tid seniorkl. utanfor k. |
| Hadar-stafetten. | Hareid: | gull jenter kl 12 år<br>gull gutar kl. 12 år |
| KM.-stafettar: | | Kvinner. 4 x 400 m sølv. gj. alder u 14 år.<br>menn jr. 4 x 400 m 6 pl.<br>Senior. 4 x 1500 m. 2. beste tid etter Ørsta. |

Planen er at vi til neste år skal stille i ~~den~~ kjempearrangementet Holmenkollstafetten og i den populære Breim-stafetten.

**BERGSØY IDRETTSLAG**
FRIIDRETTSGRUPPA

## 6. Arrangerte stemne.

Bergsøy IL har i sesongen 1976 arrangert
5 stemne fordelt på:

2 stemne innandørs hopp u/tilløp.
Bergsøy-Løpet
KM-gutar
Herøy meisterskap for gutar & jenter.

Av dette går det fram at berre 2 ~~bane~~ av i alt 9 bane stemne har vorte avvikla. Dette må den umogelege banesituasjonen ta skulda for. KM og Herøymeisterskapet greidde vi å avvikle med ei masse ekstraarbeid på dei få personane som står for drifta av laget. ~~og~~ Eit slik opplegg kan vi umogeleg vere tente med på lang sikt.
Friidrettsanlegget er no av ein heilt uakseptabel standard. Det er klart at eit slikt anlegg treng vedlikehald i ei anna form enn skippertak føre kvart stemne. ~~Vi finn difor ikkje grunn til å kaste bort meir~~ ~~dyrebar~~ ~~tid på noko som ikkje har appell hos dei ansvarlege. Vi vil difor vurdere sterkt om vi i det heile skal søkje på banestemne i 1977~~
Til neste sesong har vi berre søkt på 3 utandørs stemme.

Bergsøy-Løpet 17 april
Herøymeisterskap (g & j) 25 mai
KM Jenter

i tillegg 2. kr. stemne hopp ut tilløp

# Oppsummering

Skal vi vurdere årets sesong finn vi mang ting å glede oss over. Samanlikna med fjoråret har haft ein svært fin framgang, og i tillegg til ~~flåire~~ ~~[illegible]~~ som har hevda seg heilt i toppen har vi og ei svært god bredde.

Rekrutteringa er god ~~framsmidet på treningane upåklageleg.~~ og treningsviljen er upåklageleg.
Spesielt er det grunn til å merkje seg den fine framgangen som jentene har hatt. Dei ivrigaste har nesten ikkje skofta ei einaste trening. ~~frå st. sept. til mai~~

Dei ~~alle~~ fleste aktive i friidrettsgruppa satsar på ein ny sesong i tillegg til at Roger Kvalsvik og Claus Koppernstad truleg tek overgang til Bergsøy ved årsskiftet.

~~Foreldre og andre som har vore førespurde om å hjelpe til v. f. eks. reiser og arrangement har som oftast stilt seg velvillig. Dette har vi hatt stor nytte av. vore til god hjelp, Vi vonar at samarbeidet vil halde fram også i 1977~~

Samarbeidet med foreldre og andre som har vore førespurde (f.eks. hjelp ved reiser og andre arrangement) har vore svært godt. Vi vonar at samarbeidet vil halde fram også i 1977.

Rekneskap.

Fest i rådum Helta